

Ålesund 30.3.2020

Verdien av godt fungerande kredittforskringar for sjømateksporten

Nærings- og fiskeridepartementet er vel kjend med at sjømatnæringa er ein stor brukar av kortsiktige kredittforsikringar. I dei seinare åra har sjømatnæringa vore den største brukaren av forsikringstilbodet i GK.

Alle delar av næringa, både den som baserer seg på bruk av villfisk og oppdretta fisk, har god nytte av kredittforsikringar i verksemda. Årleg har Norge tilgang på ein råstoffbase på rundt 4 millionar tonn sjømat. Det aller meste av dette blir eksportert. Dette gjer Norge til den nest største eksportøren av sjømat i verda. I samla tal går rundt 65 pst av eksporten, målt i verdi, til EU. Men for mange einskildprodukt er hovudmarknadene utanfor Europa. Dette kan vere land som Brasil, Japan, Sør-Korea, Ukraina osv.

Sjømatnæringa er internasjonalt konkurransedyktig og baserer seg på fornybare ressursar. Både styremaktene og næringa har ei tru og eit mål om at næringa kan vekse, og dermed i endå større grad medverke til inntekter og aktivitet innanlands.

I den spesielle situasjonen vi no er oppe i, er også sjømatnæringa prega av uro og sviktande marknader. Sjølv om dette ikkje er noko nytt for mange av dei landa som næringa har eksport til er dagens situasjon naturleg nok heilt ekstraordinær også for sjømateksporten.

Sjømatnæringa er ei omfattande verdikjede, med utgangspunkt i fiskaren og oppdrettaren. Råvarene i havet er grunnlaget for industri, transport, tenesteyting og ei rekke andre ringverknader nasjonalt. Grunnmuren for alt dette er vi har ein eksportmarknad for sjømaten. Fell marknaden vekk, fell også grunnlaget for den andre aktiviteten vekk. Då vil den beste økonomiske løysinga vere å ikkje hauste råvara, enten den er vill eller oppdretta.

Sjømat Norge har ved fleire høve gitt uttrykk for kor viktig ein velfungerande kredittforsikringsmarknad er. Vi har også påpeika at staten ved GIEK bør kunne bruke handlingsrommet innanfor internasjonalt regelverk til å sikre reforsikring i "non-marketable" land. Vi ser no med bekymring på at den ikkje marknadsbaserte risikoen aukar i nær sagt alle marknader. Dette er til bekymring for heile verdikjeda.

Vi har merka oss at EU-kommisjonen midlertidig har letta på regelverket for statsstøtte. Dette gjeld også for kortsiktige kredittar;

"(v) Short-term export credit insurance: The Framework introduces additional flexibility on how to demonstrate that certain countries are not-marketable risks, thereby enabling short-term

export credit insurance to be provided by the State where needed". (pressemelding fra EU-kommisjonen, 19. mars).

Kvar einiskild eksportør har ansvar for å vurdere sala til kundane sine nøye. For å kunne handle med kundane er verksemdene svært ofte avhengige av å kredittforsikre fordringane sine. I ein uroleg marknad er det naturleg av tilbydarane av kredittforsikringstenester enten vil auke prisen eller trekkje tilbake tilbod om rammer til enkelte land og kundar. For å sikre at eksportbedriftene har tilgang på kredittforsikring til kundane sine framover er det difor viktig at GIEK har høve til å tilby reforsikring.

Vi ber om at GIEK vekteleggjer dette omsynet framover. For sjømatnæringa er gode ordningar for kredittforsikring eit svært målretta verktøy for å sørge for flyt i handelen, i stadig fleire marknader. Departementet må gjerne ta kontakt med oss om det er spørsmål til dette.

Venleg helsing
Sjømat Norge



Sverre Johansen
direktør industri



Kristin Alnes
fagsjef industri